

## **HØYRINGSFORSLAG TIL LOKAL FORSKRIFT OM SKULEFRITIDSORDNING FOR GRUNNSKULANE I VOSS HERAD.**

Heimel: vedteke av heradsstyret i Voss herad DATO med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova LOV-2023-06-09-30) § 4-5. Gjeldande vedtekter for den kommunale skulefritidsordninga i Voss herad vert oppheva når den nye forskrifta trer i kraft.

### **§ 1 Verkeområde**

Forskrifta gjev reglar om kommunal skulefritidsordning (SFO) for Voss herad for 1.-4. årstrinn, og for elevar med særskilde behov på 1.-7. trinn.

### **§ 2 Formål**

Skulefritidsordninga skal i samarbeid med føresette og skulen leggja til rette for å gje elevar eit trygt omsorgs- og aktivitetstilbod før og etter skuletid. Innhaldet i SFO skal bera preg av borna si trong for opplevingar, leik og omsorg. SFO skal ha fokus på å fremja sosial læring og drivast i samsvar med skulen si målsetjing.

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa alder, funksjonsevne og interessene til borna.

Skulefritidsordninga skal drivast i samsvar med «Lov om grunnskole og den vidaregåande opplæring §13.7. SFO i Voss herad er kommunal, og skal drivast i samsvar med gjeldande lover, føresegner og kommunale vedtak.

### **§ 2 Eigartilhøve**

Vedtektene gjeld for dei kommunale skulefritidsordningane i Voss herad.

Rådmannen kan gjera mindre endringar av vedtektene som ikkje er av prinsipiell karakter. Utval for levekår kan og gjera endringar i vedtektene som ikkje bind heradet økonomisk ut over desse vedtektene.

Endringar i vedtektene som fører til endra rammer og/eller økonomiske konsekvensar skal avgjerast av heradsstyre.

### **§ 3 Opptaksmynde**

Opptaksmynde ligg hjå kommunalsjef for Oppvekst i Voss herad, delegert til rektor på kvar skule som har SFO.

Det kan klagast på vedtak jf. Forvaltningslova §§28 og 29. Klagefrist er 3 veker.

### **§ 4 Opptakskriterium**

Barnet skal som hovudregel få tilbod om plass på skulefritidsordninga på den skulen barnet går på.

Førerett til opptak i prioritert rekkefølga:

1. Born med særskilde behov 1.-7. klasse.
2. Yngre born går føre eldre.
3. Born av einslege forsørgjarar.
4. Born som vert følgd opp av integreringstenesta som er for gamle for SFO, men som av ulike årsaker ikkje kan vera heime åleine.

Heradet kan velja å ikkje oppretta, eller avvikla tilbodet, dersom barnetalet per dag kjem under minstepåmeldinga, færre enn 8 barn.

### **§ 5 Opptaksperiode**

Opptak: Søknad om opptak vert skrive på eige skjema som ein finn på heimesida til heradet. Ein søker plass for kvart år.

Påmeldingsfrist for komande skuleår er 1. mars. Plassar som det vert søkt om etter denne fristen, vil verta tildelt dersom SFO har ledig kapasitet. Ved behov for utvida SFO i skuleåret, må ein betala differansen mellom ordinær plass og utvida plass den tida som er gått sidan oppstart av SFO-året.

### **§ 6 Oppseiing og endring**

SFO-plassar kan seiast opp eller endrast fram t.o.m. 31. januar, med siste SFO-dag 31. mars. Nyttar ein plassen etter 01. april, må ein betala fram t.o.m. 14. juni.

Det er to månaders varsel ved oppseiing/ending av plass. Ved søknad om auke av SFO-plass, er dette avhengig av ledig kapasitet og frå den tid rektor bestemmer, men seinast to månader etter at søknaden om endring er sendt.

### **§ 7 Foreldrebetaling**

Betaling for opphald blir etter dei satsar som til ei kvar tid er fastsett av heradsstyret og regulert ved indeksregulering kvar 1. januar. Betalinga vert fakturert 10 gonger per år. Juli er betalingsfri måned.

For føresette med låg inntekt er det redusert foreldrebetaling for elevar i 1. - 4. klasse. Betalinga skal ikkje overstiga 6 % av samla personal- og kapitalinntekt.

Den føresette som søker SFO-plass, vil få faktura og vert ansvarleg for betaling av denne. Dette gjeld også ved delt omsorg.

Det er innført moderasjonsordning med 12 timar gratis SFO for alle påmelde elevar på 1.-3.-trinn, og fråtrekk for desse vert automatisk lagt til fråtrekk på faktura.

Dersom barnet skal ha leksehjelp som ein del av skulefritidsordninga, skal det ikkje betalast for denne tida etter føresegna i Opplæringslova § 4-4. Det vert gjort fråtrekk i foreldrebetalinga for desse timane etter 1. januar, for hausthalvåret og etter 1.april for vårhalvåret. Etter innføring av 12 timar gratis SFO, gjeld dette fråtrekket for dei borna som har tilbod om fem dagar SFO.

Ved 2 månadar uteståande betaling, vert plassen sagt opp med ein måned skriftleg varsel.

Det er ikkje syskenmoderasjon på SFO.

### **§ 8 Leike- og opphaldsareal**

Lokala og uteområda skal vera utforma og innreidd i tråd med «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler m.v., kapittel 2, Miljø- og helsekrav til virksomheter».

Mellom anna skal areala gje moglegheit for både aktivitet og kvile, gje moglegheiter for å ta vare på måltida sin sosiale funksjon og ta vare på funksjonshemma sine behov.

SFO har eigen base med tilgang til kjøkken. Elles nyttar SFO hensiktsmessige rom og uteareal, inventar og utstyr i sambruk med skulen.

### **§ 9 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid**

SFO-året vert rekna frå 15. august til 14. juni, og for utvida ordning, frå 15. august til 14. august.

**Ordinær SFO**, fylgjer skuleruta, og er ope måndag-fredag, før og etter undervisningstid, 38 veker i skuleåret. Dagleg opningstid er til vanleg 8,5 timar, men skal tilpassast den einskilde skule sitt behov. Ordinær plasser tre eller fem dagar i veka.

SFO har ikkje ope dei dagane skulen har planleggingsdagar.

**Utvida SFO-tilbod**, er open på skulen sine fridagar, i haustferien, i vekedagar før jul t.o.m. 23. desember, i vinterferien og i sommarferien, unnateke 4 veker i juli. Det er krav om minimum 10 påmelde born kvar dag for at skulen skal kunne tilby utvida SFO-ordning.

Utvida plass er tre eller fem dagar i veka.

For elevar med rett til 12 timar gratis SFO, vert 12 timar gratis lagt automatisk til barnet sitt tilbod.

### **§ 11 Personale og leiing**

Rektor ved den einskilde skulen har det overordna administrative og faglege ansvaret for skulefritidsordninga og har ansvar for at SFO går inn i ein heilskap med skulen. SFO skal vera bemanna slik at tryggleiken til den einskilde til ei kvar tid er ivareteke. Samarbeidsutvalet (SU) ved skulen er styringsorgan for skulefritidsordninga.

SU bør drøfta opplegg for skulefritidsordninga minst ein gong i året. Skulefritidsordninga bør til vanleg vera representert i SU ved ein av dei tilsette. SU avgjer om det også skal veljast eigen foreldrerepresentant til SU.

Skulefritidsordninga skal ha, under rektor, ein leiar med ansvar for den daglege drifta. Denne skal ha relevant utdanning. SFO skal ta utgangspunkt i elevane sine spesielle behov og vera prega av kvalitet og tryggleik. Heradet har ansvar for å skapa gode rammevilkår gjennom retningslinjer for organisering og rammer for drifta.

Normalt skal SFO vera bemanna med ein vaksen pr. 10 born, avhengig av alder og gruppesamansetting. Med born med særskilde behov i SFO, skal bemanninga kunne aukast. Tid til samarbeid, leiing og planlegging kjem i tillegg.

Opptak til SFO pr. 1.mars vil vera retningsgjevande for personaltrongen, både på ordinær SFO og utvida SFO.

Tieiplikt: Dei tilsette i skulefritidsordninga, administrasjonen og alle som får innsyn som gjeld SFO gjennom utval og verv, har tieiplikt vedkomande personopplysningar dei i kraft av si stilling/ombod vert kjende med, etter forvaltningslova §13 med utfyllande føresegner.

### **§ 11 Lokale vedtekter**

Det skal fastsetjast lokale vedtekter for den enkelte skulefritidsordning i Voss herad. Desse vert drøfta i skulen sitt samarbeidsutval og er vedlegg til årsmeldinga til skulen. Vedtektene skal innehalda vedtak om:

- lokale opningstider/-dagar
- lokal organisering og bemanning
- bruk av inne- og uteareal
- bruk av inventar og utstyr
- organisering kring måltid
- samarbeid skule/SFO
- foreldresamarbeid
- eventuelle vedtak som følgje av lokale tilhøve

## **§ 12 Iverksetjing**

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024